

Spenn fast setebelta, eit av Europas største rockeband, The Darkness kjem til Festidalen. Det gjer også landets rockedronning Marit Larsen, meldar festivalleiinga ikveld

I 2003 låg heile verden for føtene til fire unge glamrock-entusiastar frå Lowesoft i England. The Darkness, som vart starta tre år tidligare hadde akkurat gitt ut debutplata 'Permission to Land' til euforisk mottaking frå både rockepresse og publikum verden over.

Omkvedet var at britane hadde klart det ingen andre band hadde makta på godt over 20 år, nemlig gjenopplive den tradisjonstunge riffrocken band som Van Halen, Thin Lizzy og AC/DC var ubestridte eksponentar for. Med singlarne 'Get Your Hands of My Woman', 'Friday Night' og ikkje minst 'I Believe in a Thing Called Love' tok bandet fullstendig dominans på både radiolister og singellister i heimlandet. Plata gjekk sjølvstøtt heilt til toppen på dei britiske salslistene og stoppa ikkje før den hadde raska med seg kvadrupelplatina og selt i 1,3 millionar eksemplar.

The Darkness makta å gi rocken eit humørfyllt løft den hadde mangla på heile 90-talet. Dette løyste dei med halsbrekkande sceneakrobatikk, humoristiske tekstar og melodilinjer som umiddelbart satt i øyregangane. Noko som kjapt gjorde dei til eit internasjonalt konsertfenomen som spelte på dei aller største scenane, deriblant var dei hovudtrekkplaster under Quart-festivalen i 2004.

Etter den grandiose oppfølgaren 'One Way Ticket', som tok opp i seg mykje av arven frå band som Queen og Meat Loaf, førte interne stridigheter til at bandet la opp i 2006.

I 2011 fant klassikerbesetningen saman igjen, og med comebackplata 'Hot Cakes' har gjengen fått ny vind i segla. Kvartetten har fått strålende kritikkar både for plate og konsertopptredningar, noko som lover eksepsjonelt godt for årets Festidalenbesøk.

At eit millionseiljande band av The Darkness kjem på besøk til Kvinnherad, er rett og slett historisk. Aldri før har eit band med ei slik merittliste hatt konsert innanfor kommunegrensene. Det er nok verdt eit besøk i seg sjølv

Marit Larsen skal opna laurdagens sceneprogram med mjuk og deileg sommarpop. Det er få artistar som er like populær både blant publikum og kritikere som denne dama.

Hit'ar som "Under the Surface", "Don't Save Me" og "If a Song Could Get Me You" er solide saker både nasjonalt og internasjonalt. Sistnemnde låt har blitt sett på Youtube over 10 millionar gongar. Marit Larsen er eit supert tilskot til programmet som no berre manglar eit band.

Billettsaltet til Festidalen 2013 startar på fredag, og det er www.billettservice.no som gjeld. Meir informasjon om billetter på www.festidalen.no